

KULTUR

TIPS OSS! **916 20 916**

nordhordland.no

Send gjerne bilde, tekst og video frå der du er. E-post: redaksjonen@nordhordland.no

Tlf: **56 35 55 55** Tipstelefon: **916 20 916**. SMS/MMS: **NHTIPS til 2005**

Les Nh+ på nett. Registrer deg på nordhordland.no for å få tilgang.

Jonas døypt i ky



FØRSTE DÅP: Vesle Jonas vart døypt under friluftsgudstenesta på Holmeknappen søndag. Kystsogedagane feira 20 års jubileum i år, og Jonas var første dåpsbarnet. Stolte foreldre er Marie Skjelvik Skage og Ole Andre Skage frå Hjertås.

ALLE FOTO: ARTHUR KLEIVELAND

Det var ei flott kyst-kulturell ramme rundt den store barnedåpen på kaien på Holmeknappen laurdag.

ARTHUR KLEIVELAND
redaksjonen@nordhordland.no

Vesle Jonas vart boren til dåpen under friluftsgudstenesta på det tradisjonsrike kystsogearrangementet i Meland. Bestefar

og kystsogegeneral Åge Skjevik jubla for barnebarn og rekordstor oppslutning om kystdagane på «Knappen».

20-årsjubileet for kystsogedagane på Holmeknappen vart ein kjempesuksess. Aldri før har det vore så folksam i kaiområdet som søndag, då over 900 personar løyste billett. Dagen før tok over 300 turen nedom Holmeknappen.

- Søndagsbesøket må vera det største frammøtet vi nokon

gong har hatt på kystsogedagane, seier Åge Skjevik, som smilte om kapp med sola dei to dagane.

Bestefar ordna døypefont

Bestefar gjorde også jobben med å skaffa døypefont med kulturhistorisk preg til den aller første barnedåpen under kystsogedagane i Meland. Ei eiketønne gjorde susen, tilpassa det kyrkjelege dåpsfatet i sølv.

Mamma Marie Skjelvik Skage

fortel om ein fantastisk dåpsdag.

- Barnedåpen var jo rimeleg godt annonsert i forkant, så vi var jo litt spente på kor mange fleire enn vanleg som ville koma, seier ho.

Marie fortel at det i forkant vart spøka med om vesleguten på fire månader like godt kunne døypast i sjøvatn - eventuelt kor langt ned i tønna han skulle dukkast.

Sjølv såg vesle Jonas til å ta

seremonien med svært stor ro.

Populær duo

Som ein del av dåpsfesten fekk dåpsfølget fekk også med seg eit show med radarparet Cato og Claus, som serverte mykje moro og litt alvor i si førestilling. Det er tredje året denne populære duoen er på kystsogedagane på Holmeknappen. Etterpå fekk dåpsfølget med seg møtet med hurtigruta, før dei gjekk til duk og dekk bord



SALHUSKORET: Framførte både gode gamle Salhuskvintetten og Jan Eggum frå scena.



GODSAKER: Signe Grøtt freista både med lefser og mjølkekaker på stand. – Fantastisk vera med her i dette flotte miljøet, seier ho.



MUSIKALSK ANDAKT: May Sissel Rismyhr Jansen hadde musikkandakt på friluftsgudstenesta, og presenterte egne songar og tankar rundt tekstar.

Kystsoges-sus



NOSTALGISK: Snutebussen R-1111 saman med gamledampen DS Oster og Vestgar, som låg til kai på Holmeknappen i helga.



CATO OG CLAUS: Dåpsfølget fekk med seg Cato og Claus-show som kulturell aperitiff før raspeballmiddag om bord i DS Oster.



SOM SILD I TØNNE: Over 900 menneske var nedom kaien på Holmeknappen søndag. Det er rekord.

og raspeballmiddag om bord i DS Oster.

– For ei oppdekking og god service – eit flott mannskap, fortel Marie Skjelvik Skage.

Hurtigruta populær

Som vanleg var det både underhaldning, salsbuer og aktivitetar for både liten og stor under kystsogedagane. Det har også vorte ein tradisjon at hurtigruta legg turen inn mot Holmeknappen og fløyta som ein



PÅ EIGEN KJØL: Denne karen, Åsmund Daler (3) snikra seg eigen båt, og den såg ut til å flyta godt.

fin gest til kystsogefolket. Laurdag var «Nordlys» innom, søndag «Nordkapp», til stor glede både for dei mange hundre hurtigrutegjestane og for folk på kaien.

Også gamle dampen, D/S Oster, og ein gammal travar i Øygarden-sambandet, «Vestgar», kasta glans og opna båtane for besøk desse dagane. Dei serverte godsaker frå byssa.

Laurdagskvelden hadde «Oster» full last på tur i flotte om-

gjevnader rundt Holsnøy, med rekebord og musikk om bord.

Flotte utstillinger

Godsaker kunne du også forsyne seg med frå kafeen i kaiområdet på «Handleriet», og på standa var det både lefser, spekemat og heimestrikka godsaker å få tak i.

Mange la også turen innom Holmestova og Sjøbua, som i år også er utstyrt med ei informativ infotavle.

I Galleri Rustica fekk publikum sjå ei flott og spennande utstilling av Annfrid Leikvoll.

I galleriløa er det også ei aktuell utstilling som lokale fotografar har kalla «Havet lever – havet lir».